Fra: Brit Berge[Brit.Berge@heroy.kommune.no]
Sendt: 21.08.2018 07:53:12
Til: Brit Berge
Tittel: VS: Vanylven pg - Ingen bemerkninger ved oppstart - Detaljregulering Åheim sentrum

---

**Fra:** Mads Jansen <mads.jansen@ovf.no>
**Sendt:** 20. august 2018 17:58
**Til:** Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>
**Emne:** Vanylven pg - Ingen bemerkninger ved oppstart - Detaljregulering Åheim sentrum

Hei.
Vi viser til mottatt oppstartsvarsel for detaljregulering i Åheim sentrum.
Opplysningsvesenets fond er hjemmelshaver til skog og dyrka mark nord i planområdet.
Vi har ingen bemerkninger på dette stadiet, men ber om varsling ved offentlig ettersyn og planvedtak.

**Med vennlig hilsen**

**Mads Jansen** Arealforvalter ☎ Tlf 23 08 16 17 / 00 mobil 959 70 191 ✉ mads.jansen@ovf.no
**Opplysningsvesenets fond** Rådhusgata 1-3, Postboks 535 Sentrum, 0105 Oslo
www.ovf.no

Fra: Leder Larvik By[post@larvik-by.no]
Sendt: 27.08.2018 15:27:09
Til: Ole Magne Rotevatn
Tittel: Regulering av Åheim

---

Hei Ole Magne Rotevatn

Jeg har blitt utfordret av Norsk Olivinsenter å skrive noen linjer om Åheim i forbindelse med reguleringsplanen.

Dette er noen tankerekker, og jeg mistenker du har fått innspill på mye av dette tidligere men likevel. Her er de, så får vi håpe at noen av de faller i god jord.

Lykke til med planarbeidet videre.

Patriothilsen

**Paal Espen Wingaard**
Daglig leder, Larvik by as
Mobil: 906 28 114

**Last ned vår nye App som dekker Hele Larvik!**
Her finner du:

- Butikkene våre og deres tilbud og nyheter
- Parkeringsplasser
- Arrangementer og bonusordninger.

**Velkommen til Larvik by, mer å By på!**

Hele Larvik
Nøkkelen til ekte opplevelser

Last ned appen her:
Android (Samsung, Huawei m.fl.):
https://play.google.com/store/apps/details?id=com.larvikby&hl=no
Apple (iPhone):
https://itunes.apple.com/us/app/hele-larvik/id1141404311?mt=8

Patriothilsen

**Paal Espen Wingaard**
Daglig leder, Larvik by as
Mobil: 906 28 114

# Last ned vår nye App som dekker Hele Larvik!

Her finner du:

- Butikkene våre og deres tilbud og nyheter
- Parkeringsplasser
- Arrangementer og bonusordninger.

**Velkommen til Larvik by, mer å By på!**

Hele Larvik
Nøkkelen til ekte opplevelser

Last ned appen her:
Android (Samsung, Huawei m.fl.):
https://play.google.com/store/apps/details?id=com.larvikby&hl=no
Apple (iPhone):
https://itunes.apple.com/us/app/hele-larvik/id1141404311?mt=8

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]
Sendt: 07.09.2018 14:26:53
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Innspel til reguleringsplan for Åheim sentrum, Vanylven

---

-----Opprinnelig melding-----
Fra: TrioWeb AS <post@trioweb.no>
Sendt: 7. september 2018 11:18
Til: Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>; Terje Kolstad <terje.kolstad@vanylven.kommune.no>
Emne: Innspel til reguleringsplan for Åheim sentrum, Vanylven

Att: Ole Magne Rotevatn / Terje Kolstad

Hei,
Vi har sett litt videre på vårt behov og vi ser at vi kanskje allerede nå må begynne å planlegge utvidelse av vårt tilgjengelige areal til varelager. Pr idag benytter vi deler av "Mindorgården" samt hele "Pallefabrikken". Vi ser at vi med vår vekst innen få år, blir nødt til å se etter mulighetene for å utvide. I den forbindelse er vi interessert i å høre våre muligheter både av eksisterende reguleringsplan, samt den som er under arbeid.

Så hadde vært fint om vi fikk en uttalelse hvilke muligheter vi har pr.
dags dato, samt våre fremtidige muligheter når ny plan foreligger.
(Tenker da på arealutnyttelse, nabogrenser, høyde/skygge, rør som ikke kan overbygges osv)

Se vedlegg for en tenkt løsning. Dette er bygg i samme stil utførelse som Pallefabrikken og er 12x49m i areal, 10 meter høyde.

Mvh

Petter Morseth
og Inge Hasz
PIM AS
Pallefabrikken AS
TrioWeb AS

Fra: Lisbeth Moltu Espeseth[lisbeth.moltu.espeseth@heroy.kommune.no]
Sendt: 04.09.2018 09:42:15
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Innspel til reguleringsplan for Åheim sentrum, Vanylven

---

-----Opprinnelig melding-----
Fra: TrioWeb AS <post@trioweb.no>
Sendt: 4. september 2018 09:36
Til: Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>
Emne: Innspel til reguleringsplan for Åheim sentrum, Vanylven

Att: Ole Magne Rotevatn

Hei,

Viser til brev. vedr. oppstart at reguleringsarbeid for Åheim sentrum i Vanylven Kommune.

Som berørt part, ønsker vi å komme med innspill over vårt behov i område.

Vår virksomhet i tidl. Pallefabrikken og Mindorgården er i sterk vekst.
Vi ser behov for utvidelse av vårt areal med påbygg evt. nye bygg. Vi ser det derfor som svært viktig for oss at det blir hensyntatt dette i reguleringsarbeidet, slik at det blir mulig med god utnyttelse av eksisterende areal til påbygg, samt at det er areal i nærheten som kan bebygges. Det er viktig at det er mulig å bygge i høyden og med høy arealutnyttelse.

Mvh

Petter Morseth
og Inge Hasz
PIM AS
Pallefabrikken AS
TrioWeb AS

SAKSHANDSAMAR
Nora Pape

VÅR REF.
18/02931-2

DYKKAR REF.
2018/1138

ARK. P - Plansaker

310-311 Vanylven kom. - MR

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO
14.09.2018

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset, Postboks 2500
6404 MOLDE

v/ Arve Eiken Nytun

## Åheim sentrum - Oppstart av reguleringsarbeid - St. Jetmund kyrkje - innspel frå Riksantikvaren

Vi syner til e-post av 27.3.2017. Innspelet frå Riksantikvaren til varsel om oppstart av planarbeid for Åheim sentrum skal innarbeidast i Møre og Romsdal fylkeskommune si fråsegn i saka. Direktoratet sitt innspel gjeld det forvaltingsområdet der direktoratet har ansvar som fagmyndigheit, her automatisk freda kulturminne frå mellomalderen, kyrkjestad, freda etter kulturminnelova § 4.

**Saka**
Herøy kommune, som plankonsulent for Vanylven kommune, varsla i brev av 15.08.2018 om oppstart av reguleringsarbeid for Åheim sentrum. Planarbeidet skal ta føre seg framtidig utvikling av Åheim sentrum. Områda skal regulerast til offentleg og privat tenesteyting, næring, forretning, kontor og bustader med tilhøyrande infrastruktur. I tillegg vil planarbeidet ta føre seg ny vegløysing nordaust for brua over Åheimselva og utviding av St. Jetmund kyrkjestad med ny urnelund og tilhøyrande parkeringsplass. I vedlagt *Forvarsling av reguleringsarbeid for Åheim sentrum*, kjem det fram at kommunen ynskjer å legge til rette for ny urnelund med tilhøyrande parkeringsplass på sørsida av vegen.

**Åheim/ St. Jetmund kyrkjestad**
Eldste omtale av kyrkja er i 1403. Noverande kyrkje står ved nordsida av vegen på gnr. 46, Åheim. Kyrkja er ei steinkyrkje, som vart revet ned til om lag 1 m over bakkenivå i 1863. Både korportalen og korbua vart bevart på staden. I 1931 vart den da gjengrodde kyrkjetufta rydda, og frå 1937 vart bygningen gjenreist under leiing av Cato Enger. I 1957 sto kyrkja ferdig og ble vigsla av biskopen. Kyrkja er omgitt av ein kyrkjegard, som framleis er i bruk. Kyrkjegarden er avgrensa av kyrkjegardsmur i sør, av terrengknekk i nord og anslagsvis i øst og vest. På grunn av plassmangel vart kyrkjegarden utvida mot vest i 1923. Den mellomalderske kyrkjestaden har id 85534 i Askeladden.

**Riksantikvaren sine kommentarar til saka**
Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står difor sterkt i lovverket. Eit sentralt punkt i denne saka er om tiltak i nærleiken av kyrkjestaden vil være utilbørleg skjemmande, jf. kulturminnelova § 3.

Ifølge varsla planarbeid planlegg kommunen ny urnelund med tilhøyrande parkeringsplass sør for den automatisk freda kyrkjestaden. I 2015 fekk Riksantikvaren oversendt ei utgreiing om

utviding av gravlunden, utarbeida av Gullik Gulliksen landskapsarkitektur. Utgreiinga viste mellom anna at ny gravplass sør for gravlunden vill krevje omfattande terrengopparbeiding. I utgreiinga vart det anbefalt ikkje å utvikle eit gravfelt sør for vegen av omsyn til landskapet og kyrkjestaden.

Kommunen ynskte i denne samanheng ei forhandsvurdering frå Riksantikvaren, av planane om utviding av gravlunden. Riksantikvaren peika i den samanheng på at kyrkja og kyrkjegarden er kulturminne av nasjonal verdi, og at kulturminna sin verdi i stor grad kviler på opplevinga av kyrkjestaden sin plassering i landskapsrommet. Det er difor viktig å oppretthalde det opne landskapet rundt, og spesielt sør for kyrkja. Dette for å ivareta opplevinga av kyrkjestaden og den kulturhistoriske samanhengen den inngår i. Riksantikvaren oppmoda difor kommunen om å finne alternative løysingar for etablering av nytt areal for kyrkjegard.

Riksantikvaren opprettheld sin tidlegare vurdering og anbefaling til kommunen, og ber om at andre areal for etablering av urnelund blir vurdert. Dette da tidlegare utgreiing av dette alternativet viste at etablering av gravlund sør for vegen med naudsynt terrengopparbeiding, ville være utilbørleg skjemmande for kyrkjestaden, og dermed i strid med kulturminnelova § 3.

Det er viktig at ein ved planlegging av tiltak i kyrkjestaden sine nærmaste omgjevnader tar tilstrekkeleg omsyn til kyrkjestaden, slik at kyrkjestaden sin kunnskaps - og opplevingsverdi kan takast vare på for framtida. Vi ber også om at planen gjer greie for konsekvensane eventuelle tiltak i nærleiken til kyrkjestaden vil få for det automatisk freda kulturminnet, og at slike tiltak vert illustrert ved fotomontasje eller tilsvarande i samband med planarbeidet.

Spørsmålet om planen legg opp til tiltak som er utilbørleg skjemmande for kyrkjestaden, vil først kunne handsamast når det endelege forslaget til reguleringsplan med reguleringsformål og føresegner ligg føre. Riksantikvaren vil gje ei endeleg fråsegn til planarbeidet når forslaget til reguleringsplan vert lagt ut på høyring.

Åheim/ St. Jetmund mellomalderkyrkjestad skal visast som omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova i plankartet jf. pbl. § 11-8, SOSI-kode H-730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. Til kyrkjestaden og bandleggingssona høyrer avgrensing av ei sikringssone på 5 meter, jf. kml. § 6, som inngår i det automatisk freda kulturminnet. Føresegner som sikrar god forvalting av kyrkjestaden må innarbeidast i reguleringsplanen. Geometri for kulturminnet kan hentast frå Askeladden, id nr. 85534.

I føresegnene for Åheim/ St. Jetmund mellomalderkyrkjestad skal det stå:

> *«St. Jetmund kyrkjestad (id 85534) består av kyrkje og kyrkjegard frå mellomalderen, og er eit automatisk freda kulturminne.*
>
> *Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.*
>
> *Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje flyttast eller fjernes utan at kulturminnemyndigheitene er gitt anledning til å uttale seg.*
>
> *Alle tiltak som medfører inngrep i grunnen, kyrkjebygget eller andre tiltak som kan virke inn på dei automatisk freda kulturminna, er ikkje tillate med mindre det føreligg dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til tiltak/ inngrep skal sendast rette*

> *kulturminnemyndigheit i god tid før arbeidet er planlagt igangsett. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar betalast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10.»*

Når det gjeld vurdering av kontinuerleg bruk av mellomalderske kyrkjegardar, er her meint ein jamn bruk av kyrkjegarden gjennom heile bruksperioden fram til i dag. Dersom delar av kyrkjegarden ikkje har vore i bruk etter 1945 meiner Riksantikvaren at desse delane av kyrkjegarden ikkje lenger tilfredsstiller vilkåret om kontinuerleg bruk. Bruk av desse delane av kyrkjegarden til gravlegging skal såleis ikkje takast opp att. Vi viser til Kirkerundskrivet, rundskriv T-3/2000 frå Miljøverndepartementet og Kirke-, utdannings- og forsknings-departementet.

For all anna graving på den freda delen av kyrkjegarden skal det søkast om løyve etter kml. § 8. Riksantikvaren tilrår derfor at det ikkje vert planlagt treplanting, gjerder, stiar eller andre tiltak som vil innebere inngrep i grunnen innanfor den delen av kyrkjegarden som er avgrensa og definert som mellomalderkyrkjestad.

Vi minner om at området ikkje er klarert i høve til hittil ikkje kjende kulturminne gjennom arkeologisk registrering jf. kulturminnelova §§ 9 og 10. Riksantikvaren vil gje ei endeleg fråsegn til planarbeidet når forslaget til reguleringsplan føreligg. Riksantikvaren ber om at våre innspel til reguleringsplanen blir innarbeida i fylkeskommunens innspel til planen, og at vårt brev blir lagt ved fråsegna.

Beste helsing

Hanne Merete Moldung (e.f.)
seniorrådgjevar

Nora Pape
seniorrådgjevar

**Brevet er elektronisk godkjend**

Kopi til: Vanylven kommune, Rådhuset, 6143 FISKÅ/ Herøy kommune (Møre og Romsdal), Postboks 274, 6090 FOSNAVÅG/ Møre biskop, Moldetrappa 1, 6415 MOLDE

Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Jan-Kristian Janson / 90412554 | 18/179328-2 | 2018/1138 | 24.08.2018 |

# Fråsegn til varsel om oppstart av reguleringsarbeid for Åheim sentrum – Vanylven kommune – Varsel om motsegn

Viser til dykkar brev av 15.08.2018.

*Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal Transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riks- og fylkesveg, høvesvis på vegne av staten og fylkeskommunen, og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.*

## Arealpolitiske føringar for planarbeidet

NTP (2018-2029) har følgjande overordna mål: Eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og bidrar til omstilling til lågutsleppssamfunnet.

'Nasjonale forventninger til kommunal og regional planlegging' skisserer nokre av utfordringane. Ein aktiv regional og kommunal planlegging som samordnar bustad-, areal- og transportpolitikken og som reduserer transportbehovet er nødvendig for mellom anna å nå måla for miljøpolitikken. Dette er ei sentral forventning.

Denne forventninga understrekast gjennom 'Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging'. Desse seier m.a. at planlegging av utbyggingsmønsteret og transportsystemet må samordnast for å oppnå effektive løysingar slik at transportbehovet kan reduserast, og at det leggast til rette for klima- og miljøvennlege transportformer. I den samanheng nemner vi 'Nasjonal sykkelstrategi' og 'Nasjonal gåstrategi' som bør vere ein del av grunnlaget for planarbeidet.




| Postadresse | Telefon: 22 07 30 00 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | | Vestre Olsvikveg 13 | Statens vegvesen |
| Region midt | firmapost-midt@vegvesen.no | 6019 ÅLESUND | Regnskap |
| Postboks 2525 | | | Postboks 702 |
| 6404 MOLDE | Org.nr: 971032081 | | 9815 Vadsø |

**Konkrete innspel til varsel om oppstart**
Statens vegvesen vil vere særleg opptatt av trafikktryggleik og framkome. Dette gjeld spesielt i høve mjuke trafikantar inkl. kollektivtrafikk. Ein av dei store utfordringane i Åheim sentrum er at fylkesveg 1, fylkesveg 5 og fylkesveg 61 nærmast møtast i eitt kryss rett nord for brua over Åheimselva der trafikken er lysregulert. Auka trafikk med tunge køyretøy som følge av realisering av Stad skipstunnel gjer at det er naudsynt å ha stor merksemd rundt dette området. Vi vil krevje trafikkanalyser som grunnlag for korrekt dimensjonering av dei ulike trafikkelementa i området i tråd med våre handbøker. Det er også naudsynt å utvide plangrensa i nordaust og søraust slik at fylkesveg 61 vert innarbeidd på heile strekninga. Dersom ovannemnde ikkje ligg føre når planen kjem til offentleg ettersyn vil vi vurdere å fremje motsegn til planen.

Vegavdelinga
Med helsing

Ole Jan Tønnesen
avdelingsdirektør

Lisbeth Smørholm
seksjonsleder

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE
Vanylven kommune, Rådhuset, 6143 FISKÅ

Fra: Thomas Bjørkeland[Thomas.Bjorkeland@sjofartsmuseum.no]
Sendt: 14.09.2018 16:02:18
Til: Dokpost[Dokpost@mrfylke.no]
Kopi: Arve Nytun[Arve.Nytun@mrfylke.no];
Tittel: RE: Vanylven kommune - detaljregulering - reguleringsendring - Åheim sentrum - varsel om oppstart

---

## Vedr. Vanylven kommune - detaljregulering - reguleringsendring - Åheim sentrum - varsel om oppstart. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke 06.09.2018.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til marine kulturminne i planområdet for Åheim sentrum, Vanylven  kommune som kan bli råka av planarbeidet.

Museet har derfor ingen merknader til planarbeidet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing

for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Thomas Bjørkeland
Marinarkeolog
55549611
E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no

---

**From:** Arve Nytun <arve.eiken.nytun@mrfylke.no>
**Sent:** Thursday, September 6, 2018 11:47 AM
**To:** Bergens Sjøfartsmuseum <marinarkeologi@sjofartsmuseum.no>
**Cc:** Thomas Bjørkeland <Thomas.Bjorkeland@sjofartsmuseum.no>
**Subject:** Vanylven kommune - detaljregulering - reguleringsendring - Åheim sentrum - varsel om oppstart

Vedkagt en plansak der vi ønsker marinarkeologisk uttale.
vår interne frist er 19.09.2018

**Arve Eiken Nytun**
Arkeolog/rådgivar - Formidlingskoordinator - Fartøyvern
Kulturavdelinga - kulturvernseksjonen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 03 25

arve.nytun@mrfylke.no

# INNSPEL TIL REGULERINGSPLAN ÅHEIM SENTRUM

Ynskjer å komme med fylgjande innspel til reguleringsplanen. Punkta er stort sett i ei rekkjefylgje som går frå vest til aust i planområdet.

1. Forutsatt at Stadtunellen vert ein realitet so må det brukast masser til å forlenge eksisterande fylling ut i sjøen ved småbåthavna/gjestehavna, jfr bileter som Arild Skorge har publisert.
2. Under same forutsetning må det teiknast inn kai og terminal for hurtigbåtanløp. Det må også vere tilstrekkelig med parkeringsplassar og terminalen vil og kunne vere bussterminal.
3. Det må inkluderast parkering for St.Jetmund-kyrkja
4. I dag er det eit fortau/gangveg som sluttar ved St.Jetmund. Det må vurderast å fortsette denne gangvegen vidare «framover» i bygda, dvs i austleg retning. Truleg mest fornuftig å ha gangfelt over vegen omtrent der gangvegen sluttar i dag (ved St.Jetmund)og deretter fortsette med gangvegen på nedsida av vegen. Ved gamle bankbygninga vil ein koble seg på eksisterande gangveg som går vidare til butikkane i sentrum.
5. ALTERNATIV trase for gangvegen kan vere langs elva frå St.Jetmund, på nedsida av Åheimtun/trygdebustadane og gamle bankbygget og fram til Mindorgarden. Denne kan kanskje kome som eit TILLEGG til gangveg oppe ved vegen, men då meir som ein mindre dimmensjonert spaser-sti langs elva/fjøra.
6. Litt på sida av reguleringsplanen men: løda som står i Grubse-tunet ved Åheimtun MÅ verte fjerna. Den er ei skam og er til fare for liv og helse slik den no har forfalle. VEKK MED DEN!
7. I området ved gamle bankbygget må det leggjast til rette for sentrumsnære leiligheter. Sidan det er ein aukande andel eldre i åra som kjem, må det vurderast om der og skal vere boligar av typen «trygdebustadar» (nærast Åheimtun).
8. Den store asfalterte plassen aust om gamle bankbygget og nord om Mindorgarden som i dag vert nytta til parkering og palle-lagring må kunne nyttast til f.eks bygning for skipstunell-opplevelses-senter/steinsenter/cafe/Valborgsamlinga etc.
9. På kort-veggen til SpareLys-bygget (tidlegare pallefabrikken) kan ein få opp ei ute-scene som vender mot den åpne plassen som er nedanfor Coop. Her kan det være diverse kultur-innslag, konsertar o.l. Ein vil med ei slik scene også kunne dempe det heller lite fine inntrykket som det store industribygget no gir i dette sentrumsområdet.
10. Forstår det slik at krysset ved brua er tenkt som rundkjøring. Ein bør prøve å regulere inn «eit blikkfang» på det ledige arealet som forhåpentlegvis vert på marka til Ingvar Aahjem nord-vest for rundkjøringa. Tanken min er at rundkjøringa får alle til å redusere farten og det er ynskjeleg at dei som er på gjennomreise finn ein grunn/motivasjon til å leggje inn ein stopp. Tenkjer kanskje at dette mest gjeld turistar i sommarhalvåret og ledig areal kan f.eks verte brukt på ein rasteplass med parkeringsmulighet for 5-10 bubilar eller andre bilar. I midten av rasteplassen

kan ein f.eks bygge ei klatrepyramide (sjå vedlagt bilde nedanfor frå Telemarksporten rasteplass ved Porsgrunn) og ein kan ha informasjonstavler for St.Jetmund, Steinsenteret, forhåpentlegvis «skipstunell-senteret», peridotplassen osv. Innkøyringa til denne rasteplassen kan vere rett ved sidan av Sparbutikken.

11. Den syd-austlege delen av marka til Borg aust for riksveg 61 bør kunne nyttast til tomteformål.

12. Når det gjeld gangveg frå Thue-sida bør ein legge opp til å ha lysregulert fotgjengarovergang rett før brua på syd-sida og deretter gangveg på BEGGE sider av brua. På denne måten kan ein på syd-sida av brua krysse vegen dersom ein skal mot dalen/skulen/Olivin-hallen eller ein fortset rett fram dersom ein skal mot butikkane/sentrum.

Mvh

Stig Rune Løvold

481 26 500

Bilde som illustrasjon til punkt 10:



Fra: Stig Rune Loevold[stiru-l@online.no]
Sendt: 23.08.2018 15:09:55
Til: Lena Landsverk Sande
Kopi: Ole Magne Rotevatn; ragnhild@ocean-supreme.com
Tittel: Utvidelse kyrkjegarden Åheim og gbr-nr 46/39

---

Hei igjen!

Viser til tidlegare samtalar og etterlyser framleis informasjon fra Vanylven kommune i høve utviding av kyrkjegarden på Åheim.

Eg ringde i dag til Ole Magne Rotevatn i Herøy Kommune. Han var på fiskerimesse i Trondheim so det vart ei relativt kort og begrensa samtale, men han bekrefta at utviding av kyrkjegarden er ein del av utkastet til ny reguleringsplan og han bad om skriftelege innspel frå oss. Eg anser denne mailen som innspel i saka.

Vi, arvingane av gbr-nr 46/39, er ikkje uvillige til å avhende eigedomen til Vanylven Kommune med tanke på at kyrkjegarden er planlagt utvida mot syd-aust. Eit eventuelt salg er frå vår side å forutsette vil skje til marknadspris. Er det også slik kommunen tenkjer?
Vi ser det heller ikkje aktuelt å behalde eigedomen dersom kommuna "kun" ynskjer å utvide kyrkjegarden inntil vår eigedom. Det vil forringe verdien av eigedomen og vi vil då krevje å bli løyst ut.

Dersom Vanylven Kommune IKKJE skal utvide kyrkjegarden so er det for vår del aktuelt å leggje eigedomen ut for salg. Imidlertid ser vi det som ganske håplaust å starte ein salgsprosess so lenge som det ligg mykje usikkerhet i kva som vil skje. Dersom vi hadde visst om kommunen IKKJE går for utviding av kyrkjegarden so hadde vi starta salgsprosessen allereie for fleire månader sidan. Huset har ikkje godt av å stå tomt og ubebudd over lengre tid og det er difor av stor betydning for oss å få dette avklart snarast.

Vil ei avgjerd om vår eigedom måtte vente på den ferdig godkjende reguleringsplanen? I so fall ynskjer vi ei tilbakemelding frå Vanylven Kommune som viser stegvis forventa tidsplan for prosessen.
Det er også ynskjeleg med eit avklaringsmøte der både tidsplan og ramebetingelsar for ei eventuell avhending kan belysast. Vi 3 syskjena er alle på Åheim komande veke på mandag og tysdag 27-28.august. Det er kanskje for kort frist for eit eventuelt møte, men eg nemner det likevel sidan det ellers er sjeldan vi klarer å kunne møtast alle saman.

Med helsing
Stig Rune Løvold

for
Stig Rune Løvold, Ragnhild Løvold og Asbjørn Løvold

---------- Videresendt melding ----------
Fra: Stig Rune Loevold <stiru-l@online.no>
Dato: 23. aug. 2018 3.09 p.m.
Emne: Utvidelse kyrkjegarden Åheim og gbr-nr 46/39
Til: Lena Landsverk Sande <lena.landsverk.sande@vanylven.kommune.no>
Kopi: Ole Magne Rotevatn <ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no>,ragnhild@ocean-supreme.com

Hei igjen!

Viser til tidlegare samtalar og etterlyser framleis informasjon fra Vanylven kommune i høve utviding av kyrkjegarden på Åheim.

Eg ringde i dag til Ole Magne Rotevatn i Herøy Kommune. Han var på fiskerimesse i Trondheim so det vart ei relativt kort og begrensa samtale, men han bekrefta at utviding av kyrkjegarden er ein del av utkastet til ny reguleringsplan og han bad om skriftelege innspel frå oss. Eg anser denne mailen som innspel i saka.

Vi, arvingane av gbr-nr 46/39, er ikkje uvillige til å avhende eigedomen til Vanylven Kommune med tanke på at kyrkjegarden er planlagt utvida mot syd-aust. Eit eventuelt salg er frå vår side å forutsette vil skje til marknadspris. Er det også slik kommunen tenkjer?
Vi ser det heller ikkje aktuelt å behalde eigedomen dersom kommuna "kun" ynskjer å utvide kyrkjegarden inntil vår eigedom. Det vil forringe verdien av eigedomen og vi vil då krevje å bli løyst ut.

Dersom Vanylven Kommune IKKJE skal utvide kyrkjegarden so er det for vår del aktuelt å leggje eigedomen ut for salg. Imidlertid ser vi det som ganske håplaust å starte ein salgsprosess so lenge som det ligg mykje usikkerhet i kva som vil skje. Dersom vi hadde visst om kommunen IKKJE går for utviding av kyrkjegarden so hadde vi starta salgsprosessen allereie for fleire månader sidan. Huset har ikkje godt av å stå tomt og ubebudd over lengre tid og det er difor av stor betydning for oss å få dette avklart snarast.

Vil ei avgjerd om vår eigedom måtte vente på den ferdig godkjende reguleringsplanen? I so fall ynskjer vi ei tilbakemelding frå Vanylven Kommune som viser stegvis forventa tidsplan for prosessen.
Det er også ynskjeleg med eit avklaringsmøte der både tidsplan og ramebetingelsar for ei eventuell avhending kan belysast. Vi 3 syskjena er alle på Åheim komande veke på mandag og tysdag 27-28.august. Det er kanskje for kort frist for eit eventuelt møte, men eg nemner det likevel sidan det ellers er sjeldan vi klarer å kunne møtast alle saman.

Med helsing
Stig Rune Løvold

for
Stig Rune Løvold, Ragnhild Løvold og Asbjørn Løvold

## *Innspel til reguleringsplanen av Åheim*

Åheim bygdeutvikling arrangerte møte, 19.09, i samband med reguleringsplanen av Åheim sentrum. 18 møtte til møtet, og nokre innspel var komne inn på førehand.

Dette er innspela til planen:

- Utviding av kyrkjeområdet/gravplass mot aust. Her er det forslag om å utvide området ved å kjøpe opp tomtene til Rasmus Støvereide og Rasmus Løvold(Bnr.39). Seinare i framtida kan ein vurdere oppkjøp av tomta til Bent Støvereide (Bnr. 31).

- Parkering til St. Jetmund kyrkje. Området på nedsida av vegen, ved kyrkja, egnar seg godt til dette formålet. Her er det stor plass, og vi ser for oss eit område der ein kan kombinere parkeringsplass til kyrkja, med eit park/friluftsområdet. Det kan også fungere som parkering til den framtidige hurtigbåtkaia, som tidlegare er regulert inn i hamneområdet.

- Gangveg frå sentrum mot barnehagen/ prestegarden. Frå denne må det gå ein arm opp mot Ospefeltet, om lag ved eigendommen til Per Hansen(Bnr. 90) / Idar Hellebust(Bnr 113/FT. 12). Det må også vere ein undergong under fylkesveg 61, som fører ned til sentrum.

- Gangveg frå sentrum til småbåthamna.

- Bussterminal. Busstopp og trafikksituasjonen rundt butikkområdet skaper farlege situasjonar. Området ved parkeringsplassen til Mindorgarden er eit område, som ein meiner egnar seg godt til bussterminal.
  I same området har vi hytterenovasjonen, og i samband med den ser vi for oss tømmestasjon for bubilar og ladestasjon for el-bilar.
  Her er også plass til parkering.

- Sentrumsnære boligar. I området rundt banken og mot Åheimtun, samt området på oppsida av fylkesveg 5, mellom Kroken (Bnr.34) og Soltun (Bnr.23) er fine områder til slik utbygging. Med fleire boligar i sentrum, kan ein også sjå føre seg at det kanskje vert marknad for ein kafè i framtida.

- Industri er viktig for Åheim og framtida, men ein må tenkje nøye igjennom før ein plasserer og etablerer industrien. Ein ønskjer ikkje tung industri inn i sentrumsområdet( reguleringsområdet). Området nord for Sibelco innheld ein ås, som i dag skjermar boligfeltet for støy frå Sibelco. Denne bør få vere der. I området sør for boligfeltet er meiningane delte om bruken. Nokre meiner at det bør bli verande som jordbruksareal, og andre ser for seg utbygging av lettare industri her.

- Området til hurtigbåtkai må opprettholdast. Det er viktig at buss/parkering blir lagt til rette ved hurtigbåtkaia, når det i framtida kjem Stadt skipstunnel.

- Gang/sykkelvegen frå Thue/Kriken er også viktig å få på plass, sjølv om dette ligg utanfor reguleringsområdet. Det er òg viktig med separat gangbru over elva. Meiningane om kvar denne bør ligge er mange og delte.

- Det har òg kome forslag om tursti langs elva frå sentrum til småbåthamna.

- Utbetring av krysset mellom fylkesveg 61, fylkesveg 5 og fylkesveg 1 må òg prioriterast.

Referent for Åheim bygdeutvikling,
Hege Kristin Lausund

Til Herøy Kommune
ved Ole Magne Rotevatn
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Jeg viser til ovennevnte reguleringsarbeid.

Som eier av gnr 46 bnr 31 er det ønskelig å komme med innspill til reguleringsarbeidet.

Min eiendom ligger nær opp til Åheim Kirkegård.

**UTVIDELSE AV AREAL TIL KIRKEGÅRD**

Det legges til grunn at det kan være aktuelt å utvide kirkegården mot nord og øst.
I sistnevnte retning ligger eiendommen gnr 46 bnr 39, med huset til min tante
som døde i vinter, og deretter min eiendom gnr 46 bnr 31.
Huset hennes ble bygd syv åtte år etter at huset vårt ble bygd.

For det tilfelle at kommunen har vurdert å kjøpe eiendommen 46/39, vises det
til at det ikke bør være nødvendig. En utvidelse av kirkegården mot nord, og
mot øst frem til 46/39, vil være mer enn stort nok areal til å dekke behovet
for utvidelse av både nå og for lang tid fremover.

Selv om arvingene har sagt seg villig til å selge det til kommunen, bør det ikke
være behov for dette. Kirkegården har fortsatt store muligheter for utvidelse
dersom behovet skulle melde seg, da kommunen også har Slagnes Kirkegård,
som ligger ikke langt fra Åheim.

Huset og eiendommen til min avdøde tante er dessuten meget godt vedlikeholdt.
Det samme med huset vårt som de siste årene er blitt betydelig fornyet og
modernisert innvendig, og vi vil fortsette med det også utvendig.
Det vises til at gode boliger er viktig for å oppnå tilflytting.
Disse to eiendommene er en del av det gode bomiljøet rundt oss, og bør bevares.
Det kan ikke ses at kommunen har noe vektig grunn til å kjøpe
opp eiendommen 46/39.

Jeg må få si at jeg og min fremtidige familie trolig ikke orker tanken på at vi
en gang i fremtiden måtte bo nærmere kirkegården enn det vi gjør i dag.

Det bes innstendig om at eiendommen 46/39 ikke reguleres til fremtidig
kirkegårdutvidelse, men reguleres sammen med eiendommen 46/31
til fortsatt beboelse.

**PARKERING TIL KIRKEN**

Det anføres ellers at parkeringsplass for kirken bør plasseres på nedsiden
av kirkebygget, nærmere porten og inngangen til kirken.
Dette blant annet av hensyn til bevegelseshemmede, men
også med tanke på bomiljøet på begge sider av kirkegården.
Parkering til kirkegården bør ikke plasseres rett nedenfor bolighusene.

Besøk til kirken antas å øke når Stadt Skipstunnel kommer.
Tilrettelegging av lett og god parkering, vil ofte være avgjørende
for å bli lagt inn i deres program, og vil i tilfelle være meget

positivt for bygda og kommunen.
Arealet på nedsiden av kirken er godt egnet, og det vil være mer enn nok restareal igjen, til å få realisert og integrert andre vakre arealløsninger rundt parkeringsplassen.

Jeg håper kommunen har forståelse for å kunne tilrettelegge forholdene for at jeg og min familie kan få bo og trives i vår kjære bygd Åheim, nå og for all fremtid.

Med vennlig hilsen

Bent Støvreide med familie
Tlf.nr.: 45 25 62 13

# Bygdefolk

27.09.2018

Til Vanylven kommune v/ Ole Magne Rotevatn

## Innspel til pågåande reguleringsplan; Åheim sentrum.

I tillegg til innspel som er innsendt av Åheim Bygdeutvikling, vil vi kommen med nokre tilføyingar:

- Industri bør/må leggast til sjønære områder. Område ved- og utanfor «Statoilkaia/småbåthamna regulerast til dette føremålet. Hurtigbåtkai vert å legge til same område.




- Vi støttar Åheim bygdeutvikling sitt innspel om å sette av areal til parkering mellom Åheimselva og St Jetmundskyrkje.




- Området vest for Jetmund Gjesteheim blir øyremerka som areal til etablering av turistrelaterte aktivitetar/bygg, og at det kan settast opp midlertidige bustadar i forbindelse med bygging av Stad Skipstunnel.




- Det må opnast for at fjøra ved Åheimtun/Jetmund Gjesteheim/ Klungreholmen kan fyllast ut og plastrast (på same måte som det er gjort i området vest og nedanfor St.Jetmundskyrkje). Dette for å betre utnytte sentrumsnære areal til bustad og turistformål. Ein samanhengande gangveg frå brua langs denne nye linja bør gå til eit nytt parkområde ved St. Jetmundskyrkje og den innteikna parkeringsplassen. Dette vil være ei eiga unik naturoppleving langs elva. Vi støttar ÅBU sitt innspel om at den kommunale parkeringsplassen vert rydda og teken i bruk til busshaldeplass og anna reiserelatert aktivitet.






- Ubebygd areal av G nr 46 br.nr 20 vert å nytte til bygdehus/kino/serveringsstad eller andre fellesformål/sentrumsforemål.



- «Pedermarka» (46/7) opp mot skogkanten bør nyttast til bustadformål. Tradisjonelt jordbruk nær sentrums- og tettbygde områder, må unngåast.




Vennleg helsing
Bygdefolk

Bjarne Sætrenes    Jermund Rekkedal    Arild Skorge

FISKERIDIREKTORATET

Herøy kommune

Silvalveien 1

8850 HERØY

| | |
|---|---|
| Adm.enhet: | Forvaltningsseksjonen i region Midt |
| Saksbehandler: | Ole Einar Jakobsen |
| Telefon: | 94135463 |
| Vår referanse: | 18/12209 |
| Deres referanse: | 2018/1138 |
| Dato: | 27.08.2018 |

**Vanylven kommune Møre og Romsdal - Uttalelse til varsel om oppstart av detaljregulering for Åheim sentrum**

Vi viser til oversendelse datert 15.08.2018 angående høring av detaljreguleringsplan for Åheim sentrum i Vanylven kommune.

## Formål og planstatus

Kommunen ønsker å etablere forutsigbare rammer for videre utvikling av Åheim sentrum. Området skal reguleres til offentlig og privat tjenesteyting, næring, forretning, kontor og boliger med tilhørende infrastruktur. Tilrettelegging for ny veiløsning nord-øst for brua over Åheimselva tas med i planarbeidet.

Planområdet er i dag avsatt i kommuneplanens arealdel til ulike formål som offentlig og privat tjenesteyting, næring, boliger m.m. Sjøområdet er avsatt til naturområde, ferdselsområde og NFFF-formål.

## Fiskeridirektoratets ansvar og medvirkning

Fiskeridirektoratet er myndighetenes rådgivende og utøvende organ innen fiskeri- og havbruksforvaltning i Norge, og er ansvarlig for forvaltningen av de levende marine ressursene. Vår oppgave i arbeidet med marin arealforvaltning er å ivareta fiskeri- og havbruksnæringens interesser i planprosesser i kystsonen, herunder ivaretakelse av marint biologisk mangfold, ved å tilstrebe en balansert og bærekraftig utnyttelse av kystsonen.

Fiskeridirektoratets regioner skal ivareta disse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

**Uttalelse fra Fiskeridirektoratet region Midt**

*Fiskeriinteresser*
Det er registrert flere ulike fiskeriinteresser i og nær planområdet. I den nordvestlige delen av planområdet er det registrert et område for passive redskap (garn) i Vanylvsfjorden mellom Bruraberget og Slagnes. Like sør for dette er det registrert et annet område for passive redskap (garn) som strekker seg innover fjorden til Kjødepollen. I deler av tilnærmet samme område som begge disse er det også et stort område for aktive redskap (not). Nordøst for planområdet ligger to låssettingsplasser for sild, makrell, hestmakrell, brisling og sei. Den nærmeste, Saltvika, ligger cirka 280 meter nordøst for planområdet, ved Torholmen. Denne låssettingsplassen er vurdert som mindre viktig fordi det er forstyrrelser fra ISPS-havna. Men den er vurdert som en god låssettingsplass dersom utskipingshavna opphører. Cirka 600 meter fra planområdet ligger låssettingsplassen Åheim, utenfor Torvika/Skrubbehammaren. Denne er vurdert som svært viktig, og brukes aktivt. Ved en eventuell utfylling av masse i sjø må det tas hensyn til låssettingsplassene.

Havforskningsinstituttet (HI) registrerte i desember 2016 et lokalt viktig gytefelt for torsk i Kjødepollen. Dette strekker seg utover i Vanylvsfjorden til cirka mellom Litleneset og like nord for Svoringevika, samt inn til Klungreholmen. Hovedandelen av planområdet i sjø ligger i dette lokalt viktige gyteområdet for torsk.

Alle tiltak i sjø i området må sees i sammenheng med gyteområdet. Det må derfor tas grundig hensyn til tiltakets eventuelle påvirkning og/eller negative effekt på gyteområdet for torsk og tidlige livsstadier. Spesielt i en eventuell anleggsfase med tanke på utfylling av masse fra Stad skipstunell for å legge til rette for næringsområde.

Dersom utfylling av masse i sjø for å legge til rette for næringsområde planlegges utført, vurderer vi det som nødvendig at det i planbestemmelsene opplistes avbøtende krav for å ivareta gyteområdet på best mulig måte. Det er ikke opplyst noe om hvor en eventuell utfylling i sjø ønskes gjennomført, om det planlegges pæling eller mudring i sjø, eller omfang og hvor stort areal utfyllingen vil dekke på sjøbunnen. Eventuelle avbøtende krav kan blant annet være at det skal brukes siltskjørt/-gardin eller tilsvarende for å hindre/redusere spredning av partikler under utfylling, og eventuelt at utfylling av masser ikke skal skje i gyteperioden for torsk dersom det kan ha negativ påvirkning på gyteområdet og gytesuksessen. Eksakt

tidsvindu kan spesifiseres nærmere etter innspill fra HI. Omfanget av og lengden på de tidlige livsfasene er avhengig av flere variabler, og vanskelig å fastslå på enkeltlokaliteter uten særskilt kunnskapsinnhenting. HI har god kunnskap om gyteområdet, og kan bidra med nærmere avklaringer på dette.

Vi gjør oppmerksom på at Fiskeridirektoratets kartlegging av kystnære fiskeridata finnes på vår nettside, www.fiskeridir.no, under "Kartverktøy".

*Akvakultur*
Det er ingen oppdrettslokaliteter i nærområdet. Nærmeste akvakulturlokalitet er 12233 Stokkeneset for matfisk av torsk i Selje kommune, cirka 1,9 kilometer nordvest for planområdet.

*Utfylling*
I forbindelse med tilrettelegging for næringsområde planlegges det å etablere utfylling innenfor planområdet. I telefon av 27.08.2018 med saksbehandler hos Herøy kommune fikk vi opplyst at utfyllingen planlegges i planområdets nordvestligste del, utenfor eksisterende havn.

Utfylling kan, dersom det benyttes utfylling med uvasket sprengstein, medføre risiko for blakking av sjøvann på grunn av finpartikler, og nedslamming lokalt i sjøområdet. Blakking av sjøvann og nedslamming kan representere en trussel mot fisk og annet liv i sjøen.

Nydannet bore- og sprengstøv kan inneholde skarpe, flisige eller nåleformede partikler. Sprengstein kan derfor inneholde store mengder partikler og udetonert sprengstoff. Sistnevnte kan føre til eutrofiering på grunn av nitratmengden. Det er ikke ønskelig at slike partikler spres i vannmassene. Disse kan sette seg i gjellene på fisk og skade disse, forårsake kvelning og gi sårdannelse i annet biologisk vev. De kan også være skadelig for andre vannlevende organismer, spesielt stedbundne. Fysiske egenskaper ved mineraler fra harde bergarter medfører et særlig stort skadepotensial i denne sammenheng.

Utfylling av sprengstein i sjø vil medføre økt turbiditet/partikkelspredning i vannmassene, og innebære risiko for spredning av ikke-omsatt sprengstoff og metaller fra bergmassene. Metallers giftvirkning for vannlevende organismer er godt dokumentert i litteraturen. Partikkelspredning må derfor begrenses mest mulig. Dersom sprengsteinmassen som skal benyttes kan inneholde sulfidholdige bergarter,

må tiltakshaver påse at dette kontrolleres før utfylling. Stein fra sulfidholdige bergarter anses ikke som rene masser.

Som tidligere nevnt vurderer vi det som nødvendig at det i planbestemmelsene fastsettes avbøtende krav ved utfylling i sjø, for å ivareta gyteområdet på best mulig måte. Blant annet at det skal benyttes utfyllingsmetoder som er mest mulig skånsomme med tanke på spredning av partikler, at det benyttes siltskjørt/-gardin, og eventuelt at utfylling av masser ikke skal skje i gyteperioden for torsk dersom det kan ha negativ påvirkning på gyteområdet og gytesuksessen. HI har som nevnt god kunnskap om gyteområder, og vil kunne bidra med nærmere avklaringer i forhold til eventuell negativ påvirkning av tiltaket og utfylligen, samt omfanget av og lengden på de tidlige livsfasene.

**Oppsummering**

Vi har ikke tilstrekkelig kunnskap om eventuelle påvirkninger av tiltaket og utfyllingen i sjø på gyteområdet for torsk. Vi forutsetter derfor at dette utredes nærmere. Hvilken betydning tiltaket eventuelt vil kunne ha på blant annet tidlige livsstadier, konsekvenser for overlevelsen til egg- og larvestadiet, gyteområdet og gytesuksessen totalt sett for torsk, vil være viktig å få klarlagt.

Havforskningsinstituttet vil kunne være en svært god fagrådgiver på området, og en nærmere utredning og faglig vurdering av biologiske forhold kan for eksempel bestilles herfra.

Vi vurderer det også som nødvendig at det i planbestemmelsene opplistes ulike krav om eventuelle avbøtende tiltak ved utfylling i sjø.

Fiskeridirektoratet region Midt har ut over dette ingen ytterligere merknader til detaljreguleringsplan for Åheim sentrum.

Med hilsen

Kristin Skarbøvik
seksjonssjef

Ole Einar Jakobsen
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift*

**Mottakerliste:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Herøy kommune | Silvalveien 1 | 8850 | HERØY |

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Postboks 2520 | 6404 | MOLDE |
| Kystverket Midt-Norge | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Postboks 2500 | 6404 | MOLDE |

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

| Saksbehandlar, innvalstelefon | Vår dato | Vår ref. |
| --- | --- | --- |
| | 01.10.2018 | 2018/4513/KABJ/421.4 |
| seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05 | Dykkar dato<br>15.08.2018 | Dykkar ref. |

Herøy kommune
Pb 274
6099 Fosnavåg

## Varsel om oppstart av reguleringsarbeid for Åheim sentrum Vanylven kommune

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

**Bakgrunn**
Vanylven kommune startar eit reguleringsarbeid for Åheim sentrum. Området skal regulerast til offentleg og privat tenesteyting, næring, forretning, kontor og bustadar med tilhøyrande infrastruktur. Planområdet er i gjeldande kommuneplan sett av til sentrumsføremål, privat og offentleg tenesteyting, bustadar, LNF mm. Detaljplanen skal hovudsakeleg vidareføre hovudtrekka i kommuneplanen sin arealdel.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

**Planfagleg og KU**
Vi minner om at ein må gjere ei konsekvensutgreiing for heile eller dei delar av reguleringsplanen som ikkje er i tråd med arealdelen i kommuneplanen, jf. pbl § 4-2. Vi minner elles om naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.

**Natur- og miljøvern (naturmangfald, landskap, friluftsliv, grønstruktur)**
Åheimselva er ei meandrerande elv med viktige kvalitetar, den har verdi svært viktig (A) i naturbase. Elva er lakseførande, og har også bestand av elvemusling. Nedre del av elva går over i vågosen på Åheim og går over til naturtypen brakkvannspoll (verdi B). Området er både botanisk og ornitologisk interessant med ei rekkje raudlista fugleartar. Sjøområdet utgjer også eit viktig rasteområde for vade-, måke- og alkefuglar, samt andefuglar.

Dersom tiltak kjem i konflikt med raudlisteartar og deira leveområde må dette konsekvensutgreiast. Mellom anna er det registrert sandsvale (NT-nær trua) og vipe (EN-sterkt trua). Fylkesmannen meiner at verdien av vågosen som naturtype i seg sjølv og som funksjonsområde for sjeldne fugleartar er så stor at ein ikkje må gjere tiltak som endrar naturtilhøva i denne eller randsonene.

**Strandsone**
For å lage eit attraktivt sentrumsområde er det viktig å setje av ei sone langs sjøen som sikrar ålmenta tilgang til ferdsel og rekreasjon. Dette er lagt inn i gjeldande kommuneplan, og vi legg til grunn at dette føremålet vidareførast i reguleringsplanen.

Det går fram av oppstartvedtaket at det kan bli aktuelt å ta imot masse frå bygginga av Stadt skipstunnel for å fylle ut i sjø. Med dei naturverdiane som er her, er store deler av planområdet uaktuelt til dette. Vi minner også om at dersom utfylling i sjø er aktuelt for ein del av området, må ein først undersøke om sjøbotn er forureina. Undersøkingane må gjerast i tråd med rettleiar «Håndtering av sedimenter», M-350/2015, frå Miljødirektoratet. Dersom sjøbotn er forureina er det naudsynt med løyve etter forureiningslova § 11 før utfyllinga kan starte opp.

**Landbruk**
Mykje areal innanfor planområdet utgjer fulldyrka jord. Jordvern skal vere ein viktig premiss i all arealplanlegging. Vi minner om den nasjonale jordvernstrategien, vedtatt av Stortinget 2015, med mål om at årleg omdisponering av dyrka jord må vere under 4000 dekar innan 2020. Dette målet gir sterke føringar når det gjeld arealbruk, og understrekar at jordvern skal vere høgt prioritert i all planlegging og arealforvaltning. Framlegg til arealbruk som ikkje tar nødvendig omsyn til dyrkajord, kan bli møtt med motsegn.

**Samfunnstryggleik og klimatilpassing**
Fylkesmannen ser at det er gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. pbl. § 4-3. Utover det kommunen har påpeika har Fylkesmannen nokre merknadar.

NVEs aktsomhetskart for flaum- og snøskred viser at området nord-aust for krysset ved brua over Åheimselva er innanfor potensiell utløpssone for skred. Kartet er eit grovt oversiktskart som gjev ein indikasjon på mogleg utløpssonar. Det må derfor gjennomførast ei skredfagleg vurdering for ein kan slå fast at det er tilstrekkeleg trykkleik i området.

ROS-analysen tar omsyn til ekstremvêr/stormflo, kommunen har kommentert at bygg innanfor utsett område må plasserast på godkjent høgde. Godkjent høgde må spesifiserast i vidare planarbeid. Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen har tatt omsyn til havnivåstigning i sin ROS-analyse, dette må inkluderast i vidare arbeid. Til hjelp med å vurdere tilstrekkeleg tryggleik mot stormflo og havnivåstiging viser vi til DSB (2016) sin rettleiar «Havnivåstiging og stormflo».

Høgspentliner går gjennom deler av planområdet. Høgspentlina må sikrast med ein tilstrekkeleg brei omsynssone som inkluderer heile området som er omfatta av magnetfeltet over 0,4 mikrotesla (µT).

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Til omsynssonene skal det knytast føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik.

**Forureining og støy**
Deler av planområdet er utsett for trafikkstøy, i tillegg til støy frå verksemder i området. Anbefalte støygrenser iht retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) skal leggast til grunn ved utarbeiding av reguleringsplanar. Støynivå på uteopphaldsareal skal tilfredsstille tilrådde grenser i tabell 2. Det må difor gjerast ei støyfagleg utgreiing som gir grunnlag for planlegginga. Utgreiinga bør også gi klåre tilrådingar dersom det er nødvendig med støyreduserande tiltak.

**Barn og unge**
Vi legg til grunn at barn og unge sine interesser blir tatt inn som ein vesentleg premiss i planlegginga. Vi minner om at ved regulering skal eigna areal til leik sikrast i plankart og føresegner, og det gjeld både nærleikeplassar og kvartalsleikeplassar. I tillegg må det knytast konkrete og eintydige funksjons- og rekkefølgekrav til føremålet leik. I nærleiken av planområdet ligg både Åheim skule og bustadfelt. Temaet trafikktryggleik må difor stå høgt på dagsorden i planlegginga.

**Folkehelse**
Vi legg til grunn at ein i eit sentrumsområde legg til rette for at det er trygt og praktisk å komme seg fram ved gange/sykkel. Dette er enkle grep som har mykje å seie for dagleg rørsle og såleis for folkehelsa.

**Universell utforming**
I eit sentrumsområde er det særleg viktig at ein legg til rette for at *alle* – barn, unge, vaksne, blinde og gamle med eller utan funksjonsnedsettingar – kan komme seg dit ein skal, helst ved eiga hjelp.

**Konklusjon**
Vi vil vurdere å fremje motsegn mot tiltak som medfører eit trugsmål mot trua naturtyper eller som ikkje tar omsyn til dyrkamarka. Vi viser elles til merknadene og ber om at det takast omsyn til desse i det vidare planarbeidet.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Jon Ivar Eikeland (e.f)<br>fagsjef - plansamordning | Kari Bjørnøy<br>seniorrådgivar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Fagsaksbehandlar**
Samfunnstryggleik: Martha H. Dybo, tlf. 71258591

**Kopi**
Vanylven kommune
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE Postboks 2500 6404 MOLDE

Fra: ProVision AS[hans@provision.no]
Sendt: 24.09.2018 14:43:02
Til: Ole Magne Rotevatn
Tittel: Reguleringsarbeid for Åheim sentrum (Gnr.46 Bnr.81)

---

Herøy Kommune
Pb. 274
6099 Fosnavåg

v/ Ole Magne Rotevatn

Viser til varsel om oppstart av reguleringsarbeid for Åheim sentrum.

I følge detaljreguleringsplanen er Gnr. 46 bnr. 81 nå en del av arealet som skal reguleres.
Da tomta er tenkt benyttet til boligformål ber vi om at gjeldende regulering blir opprettholdt.

Med vennlig hilsen,
Hans-Jakob Branden

Viser til arbeid med reguleringsplan for Åheim sentrum i Vanylven.

Jeg er eier av eiendommen 46/5 på Åheim (se vedlegg) som tydeligvis ikke er en del av området som det nå er satt i gang regulering for. Deler av denne eiendommen, arealet mellom daleveien og elva, ønsker jeg å se på mulighetene for bruk til andre formål. Dette området kan vanskelig brukes til slått og gressdyrking, og blir i dag kun lett vedlikeholdt slik at det ikke gror til. Området skulle være ideelt til boligformål da det både er sørvendt med utsikt, er sentrumsnært og har nærhet til skole, idrettsplass og hall. Dette håper jeg kan være interessant for både Vanylven kommune og for eventuelt andre utbyggere/interessenter.

Jeg kommer med denne henvendelsen nå da dette i tilfelle vil kreve endring og omregulering av det aktuelle området, og siden det nå også jobbes med ny reguleringsplan for Åheim sentrum.

Ser fram til å høre fra dere om dette er noe som bør tas hensyn til i det arbeidet som allerede er satt i gang, og om dette er noe som Vanylven kommune ser positivt på og kan være interessert i å vurdere nærmere.

Med hilsen

**Ivar Sandnes**
**Brudeholmvegen 5**
**6013 Ålesund**
Mobile: +47 917 97459, E-mail: ivar.rolf.sandnes@gmail.com

**Fra:** jeanette alvestad <jeanette.alvestad@gmail.com>
**Sendt:** 26. juni 2019 09:28
**Til:** Ole Magne Rotevatn
**Kopi:** Terje Kolstad
**Emne:** Re: VS: SV: Haster: Bekreftelse om avtalt friområde mellom GBnr 46/14 (Skogly) og naboeiendommer GBnr 46/61 og 46/62

Hei,

**Friområde tidligere regulering:**
Oversender bilder av tidligere regulert friområde, som vi fikk gjeninnført i regulering i 2012\2013. Arealet er markert med grønt, og ligger på nedsiden av GBNR 46/14 (Skogly).

**Bebygd nabotomt GBNR 46/62:**
Legger ved tegning av ny situasjon for naboeiendom på nedsiden GBNR 46/62.

**Ønsket gjeninnført friareal:**
Tidligere regulert friområde, med fratrekk av tomt for GBRN 46/62 (dette ligger delvis innenfor friområdet). Om adkomstvei kan ligge innenfor friområde må vurderes.

Vi håper på en god løsning.

Hilsen
Jeanette Alvestad
Ellinor Alvestad




*Gjeldande reguleringsplan "Åheim Vest" frå 1997. Tomta og tilkomstveg ligg litt inne på de*
*grøne friområdet.*







24. jun. 2019 kl. 11:23 skrev Ole Magne Rotevatn
<ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no>:

Hei Jeanette.

Send meg utsnitt av området og ring rundt det du meiner skal vere avsett til friområdet så tek eg dette med vidare i arbeidet.

Eg kan sjølvsagt ikkje seie kva utfallet blir då det er opp til Kommunestyret i Vanylven, men eg vil gjerne ha innspelet ditt før vi teiknar plankartet for Åheim.

Helsing

**Ole Magne Rotevatn**
avdelingsleiar utvikling
Samfunnsutvikling

*Tlf. 70081300  Mob. 90974128*

*<image002.png>*

www.heroy.kommune.no

---

**Fra:** Terje Kolstad <terje.kolstad@vanylven.kommune.no>
**Sendt:** 24. juni 2019 11:01
**Til:** 'jeanette alvestad' <jeanette.alvestad@gmail.com>
**Kopi:** Ole Magne Rotevatn <ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no>
**Emne:** SV: SV: Haster: Bekreftelse om avtalt friområde mellom GBnr 46/14 (Skogly) og naboeiendommer GBnr 46/61 og 46/62

Hei
Vi har eit interkommunalt samarbeid med Herøy kommune og planleggar der er: Ole Magne Rotevatn, e-post adr.: ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no

Med helsing

**Terje Kolstad** kommunalsjef
Teknisk sektor
Vanylven kommune

<image001.jpg>

Tlf 700 30000 | Dir 70030071 | Mob 95810289

---

**Fra:** jeanette alvestad <jeanette.alvestad@gmail.com>
**Sendt:** 24. juni 2019 10:57
**Til:** Terje Kolstad <terje.kolstad@vanylven.kommune.no>
**Emne:** Re: SV: Haster: Bekreftelse om avtalt friområde mellom GBnr 46/14 (Skogly) og naboeiendommer GBnr 46/61 og 46/62

Ok, det er jo virkelig synd. All den jobben, til ingen nytte.

Hvem kan vi kontakte for nyere informasjon om reguleringsarbeidet? Hvem utfører dette? Og har de opplysninger om at dette arealet var avsatt til friområde? Spør siden kartet pr i dag ikke viser friområde her. Dvs viser areal for boligbebyggelse, som det var vist før vi fikk det endret. Vil anta at friområdet aldri ble tegnet inn på kartet? Så hvor vil de ev finne denne informasjonen?

Med hilsen
Jeanette Alvestad
på vegne av Ellinor Alvestad

24. jun. 2019 kl. 10:19 skrev Terje Kolstad
<terje.kolstad@vanylven.kommune.no>:

Hei
Åheim sentrum er under regulering og det er håp om å få denne planen ferdig i løpet av 2019.
I 2012 vende dykkar til kommunen om friareal som då låg i reguleringsplan Åheim, var dette avsett til friareal.
*Kommuneplanens arealdel blei godkjent i 2014 og vedtak vart fatta slik:*
*Kommunestyret viser til plan- og bygningslova (pbl) § 11-15 og godkjenner «Kommuneplan til 2020 – Arealdelen» med risiko- og sårbarheitsanalyse, konsekvensutgreiing, tekstdel, føresegner / retningsliner og plankart som ligg føre.*
*Rådmannen får fullmakt til å gjere nødvendige rettingar og justeringar i plankart og tekst før fullføring.*
*Førre arealdel «Vanylven mot 2000», godkjent i 1994, vert med dette oppheva jf. pbl. 11-17. Alle eldre reguleringsplanar i kommunen som ikkje er nemnd i pkt. 8.2 i føresegnene vert overstyrt.*
*Vedtaket skal kunngjerast og arealdelen skal gjerast tilgjengeleg jf. § 11-15 i plan- og bygningslova.*
*Nye tiltak etter pbl. § 2-6 og § 20-1 må vere i samsvar med planens arealformål og føresegnar.*
*Planen gjeld frå kommunestyrets vedtak, og kan ikkje påklagast.*

Åheim planen er ikkje nemnd i pkt. 8,2 og er difor oppheva.
Åheim er som sagt under regulering og om området framleis vert friområde kan eg ikkje gje deg svar på no.

Med helsing

**Terje Kolstad** kommunalsjef
Teknisk sektor
Vanylven kommune

<image001.jpg>

Tlf 700 30000 | Dir 70030071 | Mob 95810289

**Fra:** Ellinor Alvestad <ellinor.alvestad@gmail.com>
**Sendt:** 24. juni 2019 09:35
**Til:** Terje Kolstad <terje.kolstad@vanylven.kommune.no>
**Kopi:** Jeanette Alvestad <jeanette.alvestad@gmail.com>
**Emne:** Haster: Bekreftelse om avtalt friområde mellom GBnr 46/14 (Skogly) og naboeiendommer GBnr 46/61 og 46/62

Hei,

I forbindelse med salg av Skogly, trenger jeg en bekreftelse på avtalen som ble inngått mellom Severin Alvestad og kommunen, vedrørende opprettholdelse/ tilbakeføring av friområde mellom eiendommene GBNR 46/14 (Skogly) og naboeiendommer på nedside, GBNR 46/61 og 46/62.

Dette ble avtalt rundt 2012, før oppføring av ny bolig GBNR 46/62.

Vi ser at det er igangsatt planarbeid for området, og vi må sikre at avtalen blir overholdt.

Håper dere raskt kan oversende dette pr e-post.

På forhånd takk.

Med hilsen
Ellinor Alvestad

**Fra:** Ole Magne Rotevatn
**Sendt:** 24. juni 2019 11:23
**Til:** 'jeanette.alvestad@gmail.com'
**Kopi:** Terje Kolstad
**Emne:** VS: SV: Haster: Bekreftelse om avtalt friområde mellom GBnr 46/14 (Skogly) og naboeiendommer GBnr 46/61 og 46/62

Hei Jeanette.

Send meg utsnitt av området og ring rundt det du meiner skal vere avsett til friområdet så tek eg dette med vidare i arbeidet.

Eg kan sjølvsagt ikkje seie kva utfallet blir då det er opp til Kommunestyret i Vanylven, men eg vil gjerne ha innspelet ditt før vi teiknar plankartet for Åheim.

Helsing

**Ole Magne Rotevatn**
avdelingsleiar utvikling
Samfunnsutvikling

*Tlf. 70081300  Mob. 90974128*

HERØY KOMMUNE

www.heroy.kommune.no

---

**Fra:** Terje Kolstad <terje.kolstad@vanylven.kommune.no>
**Sendt:** 24. juni 2019 11:01
**Til:** 'jeanette alvestad' <jeanette.alvestad@gmail.com>
**Kopi:** Ole Magne Rotevatn <ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no>
**Emne:** SV: SV: Haster: Bekreftelse om avtalt friområde mellom GBnr 46/14 (Skogly) og naboeiendommer GBnr 46/61 og 46/62

Hei
Vi har eit interkommunalt samarbeid med Herøy kommune og planleggar der er: Ole Magne Rotevatn, e-post adr.: ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no

Med helsing

**Terje Kolstad** kommunalsjef
Teknisk sektor
Vanylven kommune

Tlf 700 30000 | Dir 70030071 | Mob 95810289

---

**Fra:** jeanette alvestad <jeanette.alvestad@gmail.com>
**Sendt:** 24. juni 2019 10:57
**Til:** Terje Kolstad <terje.kolstad@vanylven.kommune.no>
**Emne:** Re: SV: Haster: Bekreftelse om avtalt friområde mellom GBnr 46/14 (Skogly) og naboeiendommer GBnr 46/61 og 46/62

Ok, det er jo virkelig synd. All den jobben, til ingen nytte.

Hvem kan vi kontakte for nyere informasjon om reguleringsarbeidet? Hvem utfører dette? Og har de opplysninger om at dette arealet var avsatt til friområde? Spør siden kartet pr i dag ikke viser friområde her. Dvs viser areal for boligbebyggelse, som det var vist før vi fikk det endret. Vil anta at friområdet aldri ble tegnet inn på kartet? Så hvor vil de ev finne denne informasjonen?

Med hilsen
Jeanette Alvestad
på vegne av Ellinor Alvestad

24. jun. 2019 kl. 10:19 skrev Terje Kolstad <terje.kolstad@vanylven.kommune.no>:

> Hei
> Åheim sentrum er under regulering og det er håp om å få denne planen ferdig i løpet av 2019.
> I 2012 vende dykkar til kommunen om friareal som då låg i reguleringsplan Åheim, var dette avsett til friareal.
> *Kommuneplanens arealdel blei godkjent i 2014 og vedtak vart fatta slik:*
> *Kommunestyret viser til plan- og bygningslova (pbl) § 11-15 og godkjenner «Kommuneplan til 2020 – Arealdelen» med risiko- og sårbarheitsanalyse, konsekvensutgreiing, tekstdel, føresegner / retningsliner og plankart som ligg føre.*
> *Rådmannen får fullmakt til å gjere nødvendige rettingar og justeringar i plankart og tekst før fullføring.*
> *Førre arealdel «Vanylven mot 2000», godkjent i 1994, vert med dette oppheva jf. pbl. 11-17. Alle eldre reguleringsplanar i kommunen som ikkje er nemnd i pkt. 8.2 i føresegnene vert overstyrt.*
> *Vedtaket skal kunngjerast og arealdelen skal gjerast tilgjengeleg jf. § 11-15 i plan- og bygningslova.*
> *Nye tiltak etter pbl. § 2-6 og § 20-1 må vere i samsvar med planens arealformål og føresegnar.*
> *Planen gjeld frå kommunestyrets vedtak, og kan ikkje påklagast.*
>
> Åheim planen er ikkje nemnd i pkt. 8,2 og er difor oppheva.
> Åheim er som sagt under regulering og om området framleis vert friområde kan eg ikkje gje deg svar på no.

Med helsing

**Terje Kolstad** kommunalsjef
Teknisk sektor
Vanylven kommune

<image001.jpg>

Tlf 700 30000 | Dir 70030071 | Mob 95810289

**Fra:** Ellinor Alvestad <ellinor.alvestad@gmail.com>
**Sendt:** 24. juni 2019 09:35
**Til:** Terje Kolstad <terje.kolstad@vanylven.kommune.no>
**Kopi:** Jeanette Alvestad <jeanette.alvestad@gmail.com>
**Emne:** Haster: Bekreftelse om avtalt friområde mellom GBnr 46/14 (Skogly) og naboeiendommer GBnr 46/61 og 46/62

Hei,

I forbindelse med salg av Skogly, trenger jeg en bekreftelse på avtalen som ble inngått mellom Severin Alvestad og kommunen, vedrørende opprettholdelse/ tilbakeføring av friområde mellom eiendommene GBNR 46/14 (Skogly) og naboeiendommer på nedside, GBNR 46/61 og 46/62.

Dette ble avtalt rundt 2012, før oppføring av ny bolig GBNR 46/62.

Vi ser at det er igangsatt planarbeid for området, og vi må sikre at avtalen blir overholdt.

Håper dere raskt kan oversende dette pr e-post.

På forhånd takk.

Med hilsen
Ellinor Alvestad


Prestegarden
60.9
51.8
61
106.7
Røvehammaren
61
GANGVEG FRÅ
SENTRUM MOT
BARNEHAGIEN
55.9
5
2.3
61
Legene
5
Kattagrova
2.5
Klungreholmen
Ospene
Flatholmen
Åheim
1
61



Prestegarden
51.8
61
61
61
Bruraberget
5
St. Jetmundskyrkja
2.1
GANGVEG / FORTAU
TIL GAMLESENTRUM
5
2.3
5
Åheimselva
2.5
Klungreholmen
Flatholmen
okkehaugen



Kattagrova
5
2.5
Klungreholmen
Flatholmen
Ospene
Åheim
ABC
1
61
620
620
Stompegylet
23.6
61
GANGVEG FRÅ
THUE OG KRIKEN
0.6
1
29.1
1.7
Årøy
Bjørgene
61
10.9
5.4
Sjurledet
61
Tue
Kriken
100 m

Hei.

Eg har nokre innspel til reguleringsplanen over Åheim sentrum og gangvegen frå Tuhe og Kriken.
Ønsker tilbakemelding/bekreftelse på at denne mailen er motatt av rette vedkommande som jobbar med denne planen.

1 Hurtigbåtkai er allerede innregulert ved småbåthamna, denne må fortsatt være innregulert.
(veit der er sterke krefter blant enkelte politikarar og folk i administrasjone som vil ha denne fjerne då dei heller vil ha hurtigbåtanløp på Fiskå, men skjer det så vert det ramaskrik og mobilisering på Åheim.

2 forgjengarfelt frå Åheimkrysset mot barnehagen, fotgjengarfeltet kan ende ved den kommunale vegen ved prestegården (nedan for Åge
Kvamme)

3 Gangveg frå Thue/Kriken og gangbru over Åheimelva bør av trafikktryggingshensyn ligge på elvesida av vegen (mot sør)
Er klar over at det må murast/fyllast ein ca 1,5 -2 meter i Åheimselva, men her snakkar vi om å redde liv. (og når vi likevel veit at denne gangvegen ligg langt nede på pririteringslista til fylket så spelar det ingen rolle om det tek eit ekstra år å få dette gjennom, det vil uansett ikkje sinke bygging av ein gangveg som uansett ikkje kjem på minst 10 år) Dette alternativet passar mykke bedre med tanke på "bygda rundt-løypa og) Og om ein tek seg nokre timar i kjrysset og observerar kvar folk går til å frå brua so går ca 80% av fotgjengarane mot dalen ca 15% mot butikkane og kanskje 5% mot Fiskå. Dette i lag med langt færre behov for kryssing av vegen på Thueflata fram og tilbake talar for at gangveg og gangbru må ligge på sørsida av brua(mot dalen)

4 Bussterminal må inn i planen og, Åheim er eit knutepunkt i Stadt kommune og med hurtigbåtanløp vert det endå større behov for dette.

5 Sentrumsnære tomter

6 utfylling ved småbåthamna til industriareal, tunellmasse

7 fortau/gangveg frå sentrum til gamlesentrum.

Sjå dei tre vedlegga.

Mvh.
Knut Bøstrand

KYSTVERKET
Midt-Norge

Herøy kommune
Pb 274
6099 Fosnavåg

| Deres ref.: | Vår ref.: | Arkiv nr.: | Saksbehandler: | Dato: |
|---|---|---|---|---|
| 2018/1138 | 2018/2767-3 | 413.2 | Oddbjørn Sæther | 12.10.2018 |

**Uttalelse - Oppstartvarsel - reguleringsarbeid for Åheim sentrum - Vanylven kommune - Møre og Romsdal fylke**

Viser til oppstartvarsel 15.08.2018.

*Etter formannskapsvedtak 26.06.2018 sak 90 i Vanylven kommune er det varsla oppstart detaljreguleringsarbeid for Åheim sentrum. Reguleringsarbeidet utføres av Herøy kommune på vegne av Vanylven kommune.*

*Reguleringsområdet omfatter både sjø- og landareal. Opplista arealformål er «offentlig og privat tenesteyting, næring, forretning, kontor og bustadar med tilhøyrande infrastruktur».*

*Planområdet ble utvidet i forhold til det framlagte i formannskapsmøtet, men har ikke andre opplista reguleringsformål enn i innstillingen til formannskapet.*

**Innspill/merknader**

- Sjøformål er mangelvare i varselet. Vi antar at ikke hele sjøarealet skal benyttes til de varsla reguleringsformåla, men også skal ha ulike sjøformål. Planavgrensningen ligger på ca 45m dyp i SV-hjørnet og ca 35m i NV-hjørnet. Dette er vel neppe areal som tenkes utfylt til nytt landformål.

- På det meste strekker planavgrensningen seg ca 150m inn i forskriftsfesta farledsareal.

  Vi forutsetter at deler av sjøarealet mellom vestre planavgrensning og land blir benevnt «Farled». Vi kan akseptere en østre avgrensningslinje for formålet «farled» innskrenkes til en linje hhv 70m inn i SV og 90m inn i NV.



- Det er ikke varlet nye kaier med tanke på anløp av fartøy over 1350tonn. (KU-vurdering).

- Vi anbefaler at fyllingsfot på sjøbunn for nye sjøfyllinger synliggjøres/framstilles i plankartet og at dette arealet kan benyttes til utfylling under vann.

- Iflg ROS-analysen (naturgitte forhold) skal ustabile grunnforhold utredes.

  Vi anbefaler at geotekniske forhold utredes med tanke vekt/utgliding dersom det planlegges å gjennomføre store utfyllinger i sjø.

Med hilsen

Harald Tronstad
regiondirektør

Oddbjørn Sæther
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og uten signaturer*

**Att. Ole Magne Rotevatn**
**Planlegger**

Ved første bygdamøte i september 2018 om regulering av Åheim Sentrum, ble det pekt på at landbruksområdet ved innkjøring til Sibelco var tenkt å verte utlagt til industriområde. Som nærmeste nabo til dette området ser eg det som heilt uhørt å legge et industriområde mitt inne i eit byggefelt og bygd.

Alle industriområder skaper støy og støv. Dessuten vil det forringe salgsverdien på eigendomane våre.
Det må kunne finnast betre løysingar for industriområder enn dette.

Med vennlig helsing

Mona Sølvi Sekkingstad

Eigar av gnr. 45 bnr. 16

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 15.08.2018 | 97005/2018/REGULERINGSPLAN/1511 | Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40 | 13.09.2018 |

-

# Vanylven kommune - detaljregulering - reguleringsendring - Åheim sentrum - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**INNLEIING**
Herøy kommune har, på vegne av Vanylven kommune varsla oppstart av reguleringsarbeid for Åheim sentrum.

## INNSPEL TIL PLANARBEIDET

### Planfaglege merknader

Planområdet er i dag avsett i kommuneplanen sin arealdel. Vi gjer merksam på at ein må gjennomføre ei konsekvensutgreiing for heile eller dei delar av reguleringa som ikkje er i samsvar med overordna plan, jamfør Forskrift om konsekvensutredninger § 6.




*Kommuneplanens arealdel 2020 – utklipp frå Gisline*

Det kommer ikkje fram i dei dokumenta som er sendt over korleis ein vil jobbe med medverknad undervegs i planprosessen. Dette må synliggjerast og ikkje minst gjennomførast, jamfør § 5 i plan- og bygningsloven. Kommunen har mellom anna eit særskilt ansvar for å sikre aktiv medverknad frå barn og unge, dette betyr at ein må

legge til rette og presentere materialet på ein slik måte at det er forståeleg for dei og dei må involverast på eit tidspunk i planprosessen der dei har reelle moglegheiter til å påverke. Vi rår vidare til at barne- og ungdomsrepresentanten i Vanylven kommune blir kopla på planprosessen på eit tidleg tidspunkt.

Vidare rår vil til at dei friområda som er sett av i kommuneplanen blir vidareført. Dette er viktige lunger og ha med i ein sentrumsutvikling. Ein bør og vurdere om nokon skal opparbeidast.

**Automatisk freda kulturminne**
Vi vurderer planområdet til å ha potensial for automatisk freda kulturminne, knytt til steinalder og bronsealder, jernalder og mellomalder. Her er høgde over havet, eksisterande kulturminne (St. Jetmundkyrkja) og tidligare funn i området ein viktig indikator for vurderinga av potensialet. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med nye nasjonale retningsliner for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Budsjettet er eit maksimumsbudsjett. Vesentlege uføresette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Vi minner om at det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidligare år.

Det vil i dette området også vere aktuelt å sjakte med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Vårt budsjett omfattar ikkje kostnadar til gravemaskin og førar. Ved ønske kan vi hjelpe til med å skaffe dette til veie, men rår elles til at tiltakshavar sjølv ordnar dette. Gravemaskina bør helst vere 8-12 tonn, og ha vribar skuff med flat skjær på minst 1,20 m breidd. Vi gjer merksam på at eventuell tilsåing og reparasjon av gjerder og vegar er tiltakshavars ansvar viss ikkje anna er avtalt.

Alle korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det vere ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som muleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.

**Kulturminne frå nyare tid**
St Jetmund kyrkja, naustmiljøet i Åheim og dei eldre bygningane i sentrum mellom er gjeve status som regionalt viktige kulturminne. Desse ligg saman, tett opp mot eit større industriområde, og krev at det vert jobba med å gje dei ein god buffer mot industrien. På andre sida av industriområdet ligg den freda prestegarden. Den ligg utanfor plangrensa, men slik at den godt kunne vore med. Desse områda må bli avmerka med omsynssone, og med regler mot riving, krav til vernefagleg for snarleg istandsetting og vedlikehald av bygningar og landskapselement som støer, trær, murar mm. Nye tiltak innanfor omsynsona kan vere positivt/ynskjeleg om dei tek omsyn til det

eksisterande. Kartet under syner forslag til omsynssone, men vi sit på stor avstand så dette bør gjerast i samarbeid med kommunen.




Vi har teikna inn ein lilla sirkel rundt eit hus som vi lurer på historia til. Det ser ut til bustaden til nokon som har oppfatta seg sjølv som viktig, kan hende dei som starta industrien i området? Vi ber om informasjon for vurdering av verneverdi.

**Barn og unge**
Barn og unge skal sikras eit godt oppvekstmiljø. Vi rår til at ein i forbindelse med utarbeiding av denne plana gjennomfører ei barnetråkkregistrering. Mellom anna ligg Åheim skule rett utanfor planområdet, det er også større bustadfelt knytt til planområdet. Det vil derfor være sentralt å kartlegge barn og unge sitt forflytningsmønster som grunnlag for vidare planarbeid.

**Universell utforming**
Universell utforming er ført opp som eit viktig prinsipp å ivareta i planarbeidet. Dette er særleg viktig i eit sentrumsområde og kan virke fremmande både på befolkningas bevegelsar, trygghet og ikkje minst bruk av sentrum. Det blir vidare viktig og sjå på korleis ein knyt dei ulike funksjonar saman, og at ein legg til rette for eit samfunn der ein gjer det enklare for folk og velje sykkel eller gange som transportmiddel innan og til/frå Åheim sentrum.

**Klima og miljø**
Vanylven kommune har ei klar og tydeleg visjon når det gjeld klima og miljø:

«Vanylven skal vere blant Norges fremste miljøkommuner i vidaste forstand, med fokus på trivsel, vekst og berekraftig utvikling». Visjonen må atterspeglas og leggast til grunn i det vidare planarbeidet.

**Samferdsel**
Statens vegvesen uttaler seg som forvaltar av riks- og fylkesveg, høvesvis på vegne av staten og fylkeskommunen, og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet. Vi viser til Statens vegvesen si tilbakemelding i brev datert  der dei på vegne av fylkeskommunen har kome med merknader.

**KONKLUSJON**
Møre og Romsdal fylkeskommune stiller krav om arkeologisk registrering av planområdet, og viser elles til merknader ovanfor og ber om at våre råd blir tatt med inn i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir*

<u>Fagsaksbehandlar</u>
Automatisk freda kulturminne: Arkeolog, Arve Eiken Nytun, tlf 71 28 03 25
Kulturminne frå nyare tid: arkitekt Toril Moltubakk, tlf 71 28 03 37

Kopi:
Vanylven kommune
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]
Sendt: 21.09.2018 11:54:14
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Innspel til varsel om oppstart - Reguleringsplan Åheim sentrum - Offentleg og privat tenesteyting.

---

**Fra:** Sande Ole-Jakob <ojs@nve.no>
**Sendt:** 20. september 2018 14:59
**Til:** Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>
**Kopi:** fmmrpostmottak@fylkesmannen.no
**Emne:** NVE sitt generelle innspel - Varsel om oppstart - Reguleringsplan Åheim sentrum - Offentleg og privat tenesteyting - Vanylven kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 15.08.2018.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL). Forslagsstillar har ansvaret for at desse interessene vurdert i planarbeidet.

*Flaum, erosjon og skred*

God arealplanlegging er det viktigaste virkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK17) set tydelige krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

*Vassdrag- og grunnvasstiltak*

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesse, kan utløyse konsesjonsplikt etter Vassressurslova (VRL). Viss det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

*Energianlegg*

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- NVE sine karttenester viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- NVE si sjekkliste for reguleringsplan kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.

NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlige regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta. Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til rv@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen». Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

**Ole-Jakob Sande**
Senioringeniør
Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga
Seksjon: Region vest
**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**
Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30
E-post: ojs@nve.no
Web: www.nve.no
NVE